

St.prp. nr. 91

(2008–2009)

Om endring i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet (tilskot til regionale flyplassar)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 19. juni 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

I denne proposisjonen føreslår Regjeringa at Stortinget gjev ei tilleggsløyving på 150 mill. kr til Avinor over Samferdselsdepartementets budsjett for 2009. Løyvinga skal medverke til at Avinor gjennomfører naudsynte tryggleiksinvesteringar.

2 Kap. 1311 Tilskot til regionale flyplassar

Post 70 Tilskot til Avinors regionale flyplassar

Avinor har stort investeringsbehov dei neste åra, og selskapet har utfordringar med å finansiere alle investeringane. Finanskrisa har forsterka utfordringane. I lys av trafikknedgangen og svikten i inntektene som følgje av finanskrisa, kjem Avinor

til å investere mindre enn tidlegare planlagt i 2009. Avinor har varsla at selskapet mellombels vil utsetje utbetringar på fem lufthamner (Bergen/Flesland, Sandane/Anda, Kristiansund/Kvernberget, Røst og Tromsø/Langnes). Konsekvensen av dette kan vere at Luftfartstilsynet gjev pålegg om kompenserande tiltak som kan redusere transportstandarden på desse lufthamnene.

Samferdselsdepartementet vil vise til at luftfarten og lufthamnene er viktige for å oppnå regional utvikling og for å oppretthalde busetjinga og selssetjinga i alle delar av landet.

Samferdselsdepartementet føreslår at Stortinget løyver eit ekstraordinært investeringstilskot til Avinor i 2009 på 150 millionar kroner som skal medverke til at Avinor kan gjennomføre dei tryggleiksinvesteringane som selskapet tidlegare har varsla at vil bli utsette.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet (tilskot til regionale flyplassar).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endring i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet (tilskot til regionale flyplassar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring i statsbudsjettet for 2009 under Samferdselsdepartementet (tilskot til regionale flyplassar)

I

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post		Kroner
1311		Tilskot til regional flyplassar	
	70	Tilskot til Avinors regionale flyplassar, blir auka med frå kr 0 til kr 150 000 000	150 000 000